



Spindelnev i morgensol.

Då er vi komne fram til siste presentasjon i serien vår med limerickar frå facebook-sida *Limerickens beste venner* i denne omgang. Dei aller fleste limerickane er skrivne av Olaf Agnar Gausvik, og i alle har han henta inspirasjon frå morosame innspel og bilete med fine og underfundige tekstar som dei to padlarane Bjarte Eik og Øystein Enæs har posta på facebook.

Vi avsluttar med limericken til eit bilde som gav overveldande respons på **Limerickens beste venner**.

**Når vevkona kan sjå seg råd
til å spinna med gullfarga tråd,
blir det solskin og steik,
og alle på Eik
kan ta shorts og bikinidrakt på.**

Som bonus tar vi med ein limerick som er heilt og fullt Øystein Enæs sitt verk. Han er ansvarleg både for tekst og bilete:

**Eg stolar på katten og ikkje på Yr
når ho et gras veit eg kva det betyr
Det blir regnvær og grått
det har pusen forstått
Uten vær-app og måleutstyr**



Katten hjelper oss også til å spå veret.

Som ein ekstra gullbonus får de også ein ekstra frå Bjarte Eik sine påfunn:

**Smarte Bjarte har gjort eit forsøk
på å laga ein morosam spøk:
Om du skal mala mandla',
må spørsmålet handla
om maling og kor mange strøk?
(Bjarte Eik: Kåno ba meg om å mala mandlar. Men eg er litt usikker på om eg treng to
strøk.?)**



Malte mandlar.

Vi takkar Bjarte Eik, Øystein Enæs og Olaf Agnar Gausvik for alle dei gode bidraga. Dei lesarane som ønskjer å kosa seg med daglege limerickar, vert oppfordra til å lika facebook-sida **Limerickens beste venner** som Olaf Agnar Gausvik administrerer. Der kjem det fleire nye limerickar dagleg. I tillegg til Olaf Agnar sjølv er det fleire

gode faste bidragsytarar. Ei av dei er ein velkjend kvinnhering, Jorunn Toskedal. Elles bidrar Olaf Agnar jamnnleg med stoff her på sida. Det er vi svært takksame for.

Øystein Enæs er også ein stødig og god bidragytar. Alle har vel merka seg dei flotte bilda hans som vert presentert i spalta vår **Lesarbilete**.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland